

Mottakarar:

Sogn og Fjordane Askedalen 2 6863 LEIKANGER
Fylkeskommune

Vår ref.

16/108-4

Dykkar ref.

Jenny Følling

Arkiv

K2 - N33

Dato:

08.06.2018


Søknad om forskottering til vidare planlegging Atløysambandet

Viser til brev av 18.04.2018 og dykkar tilsvar av 23.04.2018 rundt tema forskottering av vidare planlegging for Atløysambandet. Askvoll kommune søker med dette om forskottering av dei midlane som vil medgå i 2018. Då planlegginga er tenkt utført av Statens vegvesen og ein i svar av 23.04.2018 har signalisert at ei slik løysning vil kunne medføre at ein då flyttar kostnaden direkte over på fylkeskommunen frå 2019.

Tilbakemeldingane frå Statens Vegvesen er at dei kan utføre reguleringsplanen med ei tidsramme på maksimum eit år og ei kostnadsramme som føreløpig er antyda til 3 millionar. Det er bekrefta at Statens Vegvesen har kapasitet til å gjennomføre prosjektet, men det vil kunne måtte bli tilpasningar i graden av innleige oppimot øvrig aktivitet (legg ved mail korrespondanse). Vår klare ambisjon er dermed at dette prosjektet skal kunne vere klar for vidare handsaming i løpet av 2019 med søknad om ferjeavløysning. Vi er også kjent med at det truleg blir krav om K2 utredning, som vi vonar kan starte opp tidleg i 2019.

Håpar på positivt svar, slik at vi kan få til oppstart av planlegginga med det fyrste.

Med helsing



Ole André Klausen
ordførar

Direkte tlf: 57730702

Brevet er elektronisk godkjent om det ikkje er signert.